

Retta søkjelys på Comrod

Antenner fra Comrod på Tau har blitt selt til Marokko, eit land som norske styresmakter ikkje ønskjer at norske bedrifter skal handla med. NRK Brennpunkt har sett søkjelys på dette.

BORGHILD GUDMESTAD
borghild@strandbuen.no

I eit Brennpunkt-program på tv blei det sett kritisk søkjelys på norske bedrifter som kjøper fiskeolje frå okkuperte Vest-Sahara, noko som Comrod ikkje har nokon som helst tilknytning til. Men etter programmet la NRK ut ein artikkel på nettsida der det blei sett kritisk søkjelys på at Comrod har selt sivile antenner til Marokko gjennom ei bedrift i USA. Antennene som er blitt brukt skal ha brukt til ein stad mellom sivilt og militært føremål av politiet.

Marokko er eit land som norske styresmakter ikkje ønskjer at norske bedrifter skal gjera handel med. Dei har meint at dette kunne legitimera Marokko sin okkupasjon av Vest-Sahara. Sidan 1975 har Vest-Sahara vore okkupert av Marokko, etter tidlegare å ha vore ein spansk koloni. Mange menneske er drivne på flukt, over 100 000 lever som flyktningar i Algerie. FN anerkjenner ikkje okkupasjonen av Vest-Sahara. Den norske bedrifta GC Rieber har nyleg avslutta sin handel i Vest-Sahara og Marokko. Dei mista kundar som følgje av den politiske situasjonen.

Fleire politiske parti meiner regjeringa burde pressa meir på for at Marokko må endra sin politikk overfor Vest-Sahara.

Visste ikkje

– Me visste ikkje at desse antennene gjekk til Marokko, seier Comrod på Tau sin daglege leiar,

Ole Gunnar Fjelde, om salet av antenner til det amerikanske selskapet ITT.

Han understrekar også at det var sivile antenner med bandbreidde, og ikkje forsvarsmateriell, som blei selt. Antennene blei truleg brukte til radio. Comrod sel både sivilt materiell og forsvarsmateriell. Salet til ITT bryt ikkje med UD sine retningslinjer, sidan Comrod ikkje treng eksportlisens for dette produktet. Comrod meiner det gjer situasjonen annleis at dei har selt sivilt materiell, og at dei har selt vara gjennom det amerikanske selskapet ITT.

– Me held oss innanfor lovverket, seier marknadssjef Tor Reidar Brekke.

Comrod meiner også at sidan dei har selt gjennom eit anna selskap, har ikkje dei oversikt og rett til å blanda seg inn i kor vara blir selt vidare. Det er ikkje alltid dei har fått svar når dei har kome med spørsmål om kor vara går vidare.

Liten prosent

Den prosenten av sal som har gått til Marokko er ein svært liten del av Comrod sine leveransar.

– Me leverer antenner til ansvarleg leverandør. I dei fleste tilfella har me ikkje idé om kor materialet blir selt vidare, fortel leiinga.

Det er ein del dei ikkje kan seia i forhold til handelsavtalar bedrifter imellom.

– Kjenner de på etiske dilemma når sivile produkt kan gå til land som Marokko?

– Me sel ikkje direkte til Marokko. Kva ein radioprocent sel vidare, kan me ikkje vita, seier Niklas Hermansson, konsernleiar for Comrod Communication i Stavanger.

Han meiner at ein bør sjå på kor mange bedrifter som sel til selskap der ein aldri har krav på, eller kan sjekka kva som skjer med produktet vidare. Hermansson meiner det er ei problemstil-



I BRENNPUNKT: Comrod på Tau blei nyleg omtalt i ein artikkel på NRK.no. Dagleg leiar Ole Gunnar Fjelde var ikkje klar over at Comrod-antenner hadde hamna i Marokko. (Arkivfoto: John Sandvik)

ling for mange bedrifter, og veldig vanskeleg å sjekka opp i.

– Me har etiske retningslinjer som me følgjer så godt me berre kan, legg Ole Gunnar Fjelde til.

Når det gjeld forsvarsmateriell sjekkar alltid Comrod med norske styresmakter dersom dei er usikre på om dei kan selja varer til det aktuelle landet. Russland og Israel er to av landa som Comrod aldri sel produkt til.

Uendra syn

Utanriksdepartementet er ikkje meir positive til situasjonen i det okkuperte Vest-Sahara enn dei har vore tidlegare.

– Kva synest Utanriksdepartementet om at eit norsk selskap opererer på denne måten, sjølv om det er lovleg?

– Departementet kommenterer ikkje enkeltbedrifter og enkeltsaker. Generelt kan det

likevel opplyst at leveransar frå Norge av komponentar som ikkje har sjølvstendig funksjon (herunder antenner) behandlast i samsvar med retningslinjene §7. I samsvar til de nemnde retningslinjene i paragraf 7 punkt 2, vil det når det føreligg ein samarbeidsavtale som er godkjent av norske styresmakter mellom ein norsk og ei utenlandsk bedrift, vera slik at departementet ikkje krev dokumentasjon for slutt-

bruk av det ferdige produktet ved eksport av delar frå Norge. I slike tilfelle vil delane frå den norske produsenten samordnast med delar og komponentar frå andre leveringskjelder til eit produkt som ikkje framstår som norsk. Det er kontrollregelverket for eksport i produsentlandet som styrer eksporten av det endelige produktet, er svaret frå kommunikasjonsrådgjevar Kjetil Elsebustangen i Utanriksdepartementet.

Fakta

Frår handel

- Utenriksdepartementet frår all økonomisk samkvem med Vest-Sahara, inkludert import til Norge.
- Norge ser det som viktig å avstå fra handlinger som kan utlegges som en legitimering av situasjonen i Vest-Sahara. For å forhindre handel, investeringer, ressursutnyttelse og andre former for næringsvirksomhet som ikke er i samsvar med lokalbefolkningens interesser og følgelig kan være i strid med folkeretten, heiter det i ei uttalling frå Utenriksdepartementet.

Mangemillionær for ei natt

Tilbod som er for gode til å vera sanne, er som regel ikkje sanne.

MAGNAR RIVELAND
magnar@strandbuen.no

Ei kvinne frå Hjelmeland vart vekka klokka fire ei natt denne veka. Ho fekk ei melding på mobiltelefonen sin. Meldinga sa at ho hadde vunne 750.000 engelske pund i «Nokia Mobile Promo».

– Eg hadde aldri kjøpt lodd i noko slikt. Dessutan viste det seg at meldinga var sendt frå ein mobilabonnet på Biristrand.

Så millionlukka var kortvarig, seier ho.

Alle som har e-post vert millionærar mange gonger kvar dag. Dagleg vinn ein førstepremiar i lotteri ein aldri har høyrte om, eller ein får meldingar frå arvingane til prominente personar i krigsherja land som gjerne vil dela sine 30 millionar dollar med deg.

– Denne SMS-meldinga er nok eit forsøk på svindel på lik line med e-postmeldingar om lottopremiar og såkalla Nigeria-brev. Målet er å få deg til å oppgi kontonummeret ditt. Det kan nok vera lettare å la seg lura når meldinga står på norsk og Nokia

sitt namn vert brukt i teksten, trur lensmann Birger Haugvaldstad i Hjelmeland.

– Ein viktig regel er å aldri stola på folk som vil gi deg førstepremien i lotteri du ikkje har kjøpt lodd i, seier han.

STOR GEVINST: Stol ikkje på meldingar om milliongevinstar i lotteri du ikkje har deltatt i, enten meldinga kjem på e-post eller SMS. (Foto: Magnar Riveland)

